

BLI
LÆRLING I
BILBRANSJEN



AS Autoservice · AS Diesel-Elektro · AS Norsand · Aurland bil og maskin AS · Auto 8-8 Forum AS (Førde) · Autohuset Sogn AS · AutoMarin AS
 Barmen og Lund AS · Bil Body AS · Bildeler Førde AS · Bileko Car Parts Norway AS (Førde) · Bilhuset Førde AS · Bilpartner Vest AS ·
 Bilpleiehallen AS · Bilskadesenteret AS · Bilskadesenteret Nordfjord AS · Biltema Førde · BilXtra Nordfjordeid · Carfix Vik AS
 Dale Servicesenter AS · Eid Motor AS · Eid Servicesenter AS · Eide & Co AS · Fino AS · Florø Bil og Havneservice AS · Florø
 Bilskade AS · Florø Bilverksted AS · Fortun Bensinstasjon AS · Førde Bilsalg AS · Førde Bilservice AS · Førde Motorsport AS · Frydenbø
 Bil AS · Fure Mekaniske AS · Gaular Bil AS · Gaupne Bilsenter AS · GT Bil AS · Hafslo Bilsener AS · Hatleberg Bil & Maskin AS
 Hermansverk Servicesenter AS · Hetle Auto ANR AS · Høyanger Bil AS · Indre Sogn Bil AS · Intakt Bilskade AS · Jan's Bilbergning AS
 Janco Bilrep AS · Jæger Sentrum AS, Biltreff AS · Jølster Bil AS · Kaupanger bil AS · Kveen AS · Leikanger Auto AS · Leiv Austrheim
 AS · Måløy Auto AS · Norddal Auto AS · Norsk motor import AS · Norsk Scania AS · Opus AS · Per A Øren AS · PS Bil AS · Sentrum
 Autoservice AS · Skadesenteret Riko AS · Skadesenteret Sogn AS · Slinde Transport AS · Sogn Bil & Båt AS · Sogn Bilskade AS
 Sogndal Mc-senter AS · Stadt Servicesenter AS · Stårheim Bilverksted AS · Stryn Bilverksted AS · Stryn Mek. Verksted AS
 Sunde Auto AS · Sunnfjord Bil AS · Svelgen Motorsenter · Team Verksted Vest AS · Terdal Bilservice AS
 Tesla Norway · Tistels Auto · Toyota Nordfjord og Førde AS · Toyota Sogn AS · Trucknor
 Firda AS · Trucknor Førde AS · Trucknor Sogn og Fjordane AS
 Vest Auto AS · Vest Service AS
 West Maskin AS

Kontakt



Roald Standnes

Dagleg leiar og tekniskar
bilfaget, lette køyretøy

Mobil: 951 68 513

E-post: roald@bok-sfj.no



Thomas Einen

Opplæringskonsulent og tekniskar
bilfaget, lette køyretøy

Mobil: 476 86 083

E-post: thomas@bok-sfj.no



OPPLÆRINGSKONTOR

Etter ny lov er opplæringskontora definert som «samarbeidsorgan for lærebedrifter». Oppgåva vår er å rettleie, støtte og kvalitetssikre fagopplæring i læretida.

VI RULLAR VIDARE

Nytt magasin er klart! Her kan du lese fine historier frå bilbransjen i Sogn og Fjordane.

I lag med bilbransjen i Sogn og Fjordane arbeider vi kontinuerleg med å utvikle den lokale fagopplæringa slik at den er relevant for både lærling og bedrift. Vi ser at nokre emne som var aktuelle for undervisning for ti år sidan, no er nesten er heilt uaktuelle. Eg lærde ein gong at vi kan skilje mellom «varig-» og «ikkje varig kunnskap». «Varig kunnskap» kan vere basis kunnskap som t.d. naturfag som aldri blir utdatert, «ikkje varig kunnskap» kan vere forgassar og stifttenning. Jobbar vi for mykje med «ikkje varig kunnskap» risikerer vi å bli utdatert etter kvart som utviklinga går. Ei slik tilnærming kan kanskje verke kjedeleg, men vi har tru på å vere god på basiskunnskap. Dette har óg overføringsverdi til fleire relevante emne i faget.

Dei siste fem åra har vi opplevd fylkessamanslåing, covid-19, ny overordna del av læreplanverket, nye læreplanar i fag, ny opplæringslov og opplæringsforskrift. Alt dette har vore ekstra ressurskrevjande for oss som opplæringskontor. Noko av dette har heilt sikkert og vore til ulempe for både lærlingar og bedrifter. No trur vi på ei meir føreseieleg framtid der vi kan bruke meir av ressursane våre på den enkelte lærling og bedrift.

Frå 1. august 2024 er opplæringskontor i opplæringslova definert som «samarbeidsorgan for lærebedrifter». Vi vil framleis behalde namnet Bilbransjens opplæringskontor (BOK).

Kva er ei fagutdanning?

Å bli en fagarbeidar som er sjølvstendig både på jobb og fritid er meir enn berre å lære faget. Vi finn mellom anna desse setningane i opplæringslova: «*Elevane og dei som har læretid i bedrift, skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar som gjer at dei kan meistre livet sitt og delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrong*». Fagprøven testar kandidaten i faget, men opplæringslova går lenger enn dette. Det er viktig at både dei som skal gje opplæring og dei som skal få opplæring er bevisste på dette. For ein skal altså bli sjølvstendig både på jobb og elles i livet.

Roald Standnes

Dagleg leiar
Bilbransjens opplæringskontor

SYT FOR REINE BILAR



Håvard syt for at bilane er reine og klare før sal.

I bilpleiehallen på Frydenbø Bil Sandane finn du Håvard Pedersen (24). Han er den første i Sogn og Fjordane som har tatt fagprøve i bilpleiefaget gjennom eit ordinært løp. – Det er noko eige med å forvandle bruktbilar som er ruskete og skitne til strøkne bilar, seier han.

Hovuddelen av jobben min er å gjere bilar klar for sal. Her behandlar eg både nye og brukte bilar, alt etter kva salsavdelinga har selt eller tatt inn. Bilane skal behandlast både innvendig og utvendig, og jo nærmare dei ser ut som nye, jo betre, fortel Håvard.

Vasking, svamping og polering

Bilpleiefaget tar for seg bilen innvendig og utvendig. Her skal bilen vaskast og polerast utvendig for å fjerne striper i lakken, innsida skal rensast og småskadar skal reparerast. Når ein jobbar med fleire ulike materiale som stoff, skinn og lakk må dei behandlast forskjellig med ulike reingjeringsmidlar.

Det er kjekt å få inn bruktbilar med striper i lakken, som ser litt ruskete ut, og deretter forvandle dei til ein strøken bil med polering og vask. Det er ein del jobb og det er viktig å være nøyaktig, spesielt når ein polerar. Det fine med polering er at ein kan få

vekk små striper og feil i lakken. Men ein må vere nøyaktig og forsiktig slik at ein ikkje polerar for mykje. Då kan lakken forsvinne og ein må inn med billakkerar, forklarar han engasjert.

Første i ordinært løp

Når Håvard starta på studieløpet, eksisterte ikkje bilpleiefaget som ei fagutdanning i Norge, og han trengte hjelp med å finne eit fagløy som passa. Saman med Bilbransjens opplæringskontor Sogn og Fjordane fann dei heldigvis ei god løysing, slik at Håvard fekk starte på ei fagutdanning før den fantes. Dette var litt risikosport, men i dag er alle partar glade. Han er den første lærlingen som har fullført fagprøve i bilpleiefaget gjennom ordinært løp i Sogn og Fjordane. No vil han fokusere på å lære enda meir om bilpleie. I framtida ønskjer Håvard å ta fleire kurs slik at han kan reparere skinn og bilruter.

Korleis bli LÆRLING?

1 Kvalifiser deg med lite fråvær og gode karakterar på Vg1 og Vg2.

2 Fyll ut og send søknad om læreplass gjennom www.vigo.no til fylkeskommunen før 1. mars, medan du går på VG2.

3 Sjå etter ledige læreplassar på vår nettside: www.bok-sfj.no
Skriv ein søknad og CV til dei bedriftene du vel ut frå nettsida..
Møt personleg opp med søknaden.
Send alltid søknaden til fleire bedrifter.

STILIG YRKE – MED MODERNE TEKNOLOGI



Jakob Larsen synest at bilmekanikar verka som ein stilig jobb, og enda opp som lærling i faget hos Toyota i Måløy.

Jakob Larsen (19) er 2.-års lærling i bilfaget lette kjøretøy på Toyota i Måløy. Han trivast godt og håper å få jobb der etter at han har tatt fagbrevet til sommaren 2025. Jakob har alltid vore interessert i motorar, men valde bil framfor båt.

Far min er maskinist på båt, men det blir for varmt for meg å jobbe i eit motorrom, smiler Jakob. Eg har alltid likt bilar og motorar, utan at eg har vore bestemt på å ha det som yrke. Han starta med Teknologi- og industrifag (TIF) på Måløy vgs., og etter utplassering på bilverkstad, så gjekk vegen vidare til Vg2 kjøretøy.

Kjekt fag og kjekke folk

Eg tenkte at bilmekanikar var ein stilig jobb – litt tøft rett og slett. Jakob er veldig godt fornøgd med val av yrke, sjølv om det var litt tilfeldig. Det viktigaste er likevel at eg jobbar i lag med veldig kjekke folk. Det er eit godt miljø her, og eg får ein variert arbeidsdag i lag med flinke rettleiarar.

Kundane bestemmer arbeidsdagen

Når vi spør Jakob om ein vanleg arbeidsdag, svarer han: – Det kjem an på kva bilar vi får inn på verkstaden. Nokre dagar er det reparasjonar, andre

dagar er det vedlikehald. Men eg kan ikkje ta ansvar for EU-kontroll før eg har fagbrevet. Elles passar både verkstaden her og Bilbransjens opplæringskontor (BOK) på at eg får prøve meg på alt som må til for å ta fagbrev som bilmekanikar, lette kjøretøy.

Ny teknologi på bilane

Jakob er glad i bil, men han påpeiker at det ikkje berre handlar om å skru på motoren. I dag er det mykje elektronikk og fleire el-bilar. Derfor er det viktig å finne feilen og stille ein diagnose før ein startar jobben med å reparere.

– Det er eit spennande og stilig yrke, der ein alltid må vere oppdatert på ny teknologi, seier Jakob. Lærlingen frå Måløy satsar på å fortsette som bilmekanikar etter fagbrevet, og håpar på å bli verande på Toyota.

BILTEKNIKAR I UNG ALDER



Den unge bilteknikaren har varierte arbeidsdagar – alt frå vanskeleg feilsøking til byting av bremseskiver.

Kristoffer August Vereide (24) har den høgaste utdanninga av dei som skruer på bil, nemleg teknisk. Det er ganske unikt i ein alder av 24, og han er truleg ein av dei yngste i Noreg som har denne tittelen.

Kristoffer blei fagarbeidar i lette køyretøy oktober 2020. Etter dette har han tatt 36 ulike kurs, både fysisk og digitalt, for å bli bilteknikar. I oktober 2024 kunne han endeleg feire og tilføye bilteknikar på CVen.

Finn ut kva som er gale

Som bilteknikar er eg inne på dei vanskelegaste sakene på reparasjon. Eg utfører feilsøking for å finne ut kva som kan vere feil med bilen, og slår fast kva delar som må skiftast for at bilen skal bli i orden. Det er ein viktig jobb som syt for at kunden ikkje får unødvendig dyre reparasjonar og at vi berre bytar dei delane som er slitne, seier Kristoffer.

Tek utfordringa på strak arm

Kristoffer utmerka seg frå byrjinga av, og fekk tilbod om fast jobb tidleg i læretida. – Vi såg eit potensiale i Kristoffer og utfordra han på om han ville ta utdanning for å bli bilteknikar. Han tok utfordringa på strak arm. Det er ikkje vanleg for så unge å ta utdanninga for å bli bilteknikar, og Kristoffer er truleg ein av dei yngste i Noreg. Det er stas å ha unge i staben som står på og vil lære, seier ein fornøgd dagleg leiar Jo Inge Solberg.

Bil i blodet

Skruing på bil er ein interesse han har hatt lenge, og på 15-årsdagen fekk han ein bil i gåve av broren. Det vart mange timar med skruing og reperasjonar for å få bilen i stand, smiler Kristoffer. Etter dette byrja han på bilmekanikarfaget og deretter var han lærling på lette køyretøy hos Frydenbø Bil Sandane. No er han fast tilsett i bedrifta – og han har tenkt å bli.

Oppdatert til ei kvar tid

Med mange elektriske bilar på marknaden har også mekanikaryrket endra seg. På grunn av tryggleik treng ein kurs i høgvoltspenning og batteri for å kunne utføre jobbar på ein elektrisk bil. Gjennom teknikutdanninga har Kristoffer fått på plass dei sertifiseringane han treng for å kunne gjere dette. Det er litt jobb med å halde seg oppdatert, og eit krav for å oppretthalde teknikarrolla, men på same tid er det kjekt. Så skadar det heller ikkje at løna som teknisk er god, smiler den unge teknikaren.

GJER LIVET LETTARE FOR MEKANIKARANE OG KUNDANE

Jobben min er først og fremst å gjere livet lettare for dei som jobbar på verkstaden, fortel Emma Oppedal (19), som er 2.-års lærling i reservedelsfaget. Vi møter Emma på varelageret hos Toyota i Måløy, der ho har full oversikt over delar som kjem inn og skal vidare til verkstaden eller kundar.

Dette er noko som passar ho perfekt, sidan ho er både strukturert og glad i å halde orden og system i sakene. Dessutan veit eg at jobben eg gjer er viktig for dei andre som jobbar her, kundane våre og leverandørane våre. Eg har alltid vore interessert i bil, men planen var eigentleg å bli frisør, smiler ho.

Orden og system

Familien min fekk nok litt sjokk då eg valde å satse på bilfaget. Første året på Måløy vgs. gjekk eg på Teknologi- og Industrifag (TIF) og andre året valde eg køyretøy. Etter at eg var utplassert på varelager og kundemottak skjønnte eg kva veg eg ville gå. Her får eg bruke evna til å halde orden og finne fram dei rette delane til rett bil eller kunde.

Klargjer delar og utstyr

Arbeidsdagen min startar typisk med at eg får oversikt over kva som skal skje på verkstaden. Då er det min jobb å finne fram dei rette delane, slik at mekanikarane kan komme og hente ein kasse med ferdigplukka delar til bilen dei skal jobbe med. Kundebehandling er ein annan viktig del av jobben, fortel Emma. Eg svarar på telefonar frå kundane og hjelper dei så langt eg kan med å skaffe dei det som trengs av delar og utstyr.

Varemottak

Medan vi snakkar med Emma kjem det plutselig ein varebil med delar. Då er lærlingen i sitt ess. Det som står litt kaotisk på pallar utover golvet skal sorterast og få sin rette hylleplass. Ein viktig del av jobben min er å bestille inn delar, ta i mot og systematisere dei slik at det er lett for meg og verkstadfolka å finne dei.

Fornøgdde kundar

Som lærling får Emma utvikla både teknisk kunnskap og ferdigheiter i kundebehandling. Ho lærer kor viktig det er å vere nøyaktig og hjelpsam, og ho ser kor mykje som heng saman bak kulissane i ein bilbutikk eller på ein verkstad. For Emma er det ikkje berre viktig å finne den rette delen – ho vil også at kundane skal vere fornøgdde og få god hjelp.



Emma har full kontroll på kva som er i dei ulike boksane på delelageret og sørger for at dei rette delane kjem til rett bil eller kunde.

Satsar på logistikk

Til våren skal Emma ta fagbrev i reservedelsfaget, men ho har ambisjonar om vidare utdanning etter det. Planen min er å studere logistikk frå neste haust. Eg stortrivast her, men tenker det kan vere godt å reise litt vekk – og så likar eg veldig godt å jobbe med økonomi, logistikk og vareflyt. Fagbrev i reservedelsfaget er eit godt grunnlag for vidare studiar i fleire retningar, avsluttar Emma fornøgd.

JENTENE INNTEK VERKSTADHALLEN

Det er full fart hos Trucknor, Frydenbø Bil og Intakt på Sandane. Her finn du sju jenter som er lærlingar og fagarbeidarar i ulike bilfag. Dei tre bedriftene satsar på lærlingar, og sikrar seg framtidens arbeidskraft.

På Sandane er det høg aktivitet. Hos Trucknor finn du Maria som tok fagbrev i tunge køyretøy i fjor. Når du kjem inn på Frydenbø Bil, treff du Magdalena som er lærling på delelageret, og på verkstaden finn du Natalia, Cassandra og Carina medan dei skurur på lette køyretøy. Hos Intakt er lærlingane Sanne og Thea i full gang med å reparere lakken på fleire bilar. Dei har alle litt ulike utdanningsveggar, men det viktigaste er at dei trivast med å jobbe praktisk.

Får heile utdanninga heime

I Sogn og Fjordane er billakkerar-linja lagt ned, og ein må til Bergen for å ta utdanninga. For Sanne og Thea låg det langt inne å skulle flytte heimefrå og til Bergen. Lærebedrifta Intakt inngjekk eit samarbeid med Vestland fylkeskommune og jentene fekk eit tilpassa løp der dei heile utdanninga er på Sandane. No tek dei to jentene eit år skule, og tre år som lærling for å bli billakkerer.

Yrkessjåfør på sikt

Maria Hjelle var lærling hos lastebilselskapet Trucknor. Ho har eit år på Teknologi- og industrifag (TIF) på Nordfjordeid og eit år i Førde bak seg før ho gjekk læretida på Sandane. No har ho fagbrev i tunge køyretøy. – Eg likar godt lastebilar og ønskjer å bli sjåfør på store køyretøy på sikt, men det kan vere godt å vite korleis ein lastebil er bygd opp og korleis alt fungerer, seier ho.

Her er alle velkommen

Fellesnemnaren for alle jentene er at dei er svært godt mottekne og trivast i lærebedriftene. – I ei tid der det er vanskeleg å få nok fagarbeidarar bør interesse og eit ønskje om å lære være det viktigaste. Derfor er det eit heilt naturleg val for oss å ta inn jenter som lærlingar. Dei er hardtarbeidande og tilfører nye perspektiv, seier Jo Inge Solberg, dagleg leiar i Frydenbø Bil.

Nye lærlingar kvart år

Kvart år vert det tatt inn nye lærlingar, og det er stor sjanse for å få eit tilbod om fast jobb her etter ein har tatt fagbrev. Jo Inge peikar på Bilbransjens opplæringskontor Sogn og Fjordane som ein viktig medspelar som legg til rette og følgjer opp lærlingane med kurs, og syter for at dei er godt førebudde når fagprøva står for dør.



Hos Trucknor, Frydenbø Bil og Intakt er det sju jenter som jobbar på verkstaden. Frå venstre: Maria Hjelle (tunge køyretøy), Magdalena Maria Kacperska (delelager), Natalia Orlayova, Cassandra Skilbrei Våtevik (lette køyretøy), Sanne Petrine Førde og Thea Klakegg Seime (billakkering). Carina Skogli (lette køyretøy) var på kurs denne dagen.



Maria Hjelle er godt i gang med å skifte ei øydelagt frontrute på ein lastebil.



I billakkerarhallen har Sanne Petrine Førde fått inn ein bil som har fått skade i lakken. Snart blir den så god som ny igjen.

LÆRLING I BILBRANSJEN

Det handler om å finne det som passer deg
– og elske det du gjør

- ✓ Godt utval av arbeidsplassar i heile landet, bygd og by
- ✓ Varierte arbeidsdagar, interessante arbeidsoppgåver
- ✓ Du lærer faget gjennom praksis og praktisk teori
- ✓ Gleden av å kunne fikse bil eller motorsykkel sjølv
- ✓ Fagbrevet hjelper deg vidare
- ✓ Gode moglegheiter for utvikling og høgare utdanning
- ✓ Fysisk aktivitet i arbeidsdagen
- ✓ Du får jobbe med avansert teknologi som er i konstant utvikling

A til Å • www.watila.no

For deg som har lyst på ei praktisk utdanning,
Bli sjølvssikker, dyktig og arbeidssklar i ditt fag!

1. år

Vg1 – Vidaregåande trinn 1

Teknologi- og industrifag

2. år

Vg2 – Vidaregåande trinn 2

Køretøy

Bilskade, lakk og karosseri

3. år

Vg3 – Vidaregåande trinn 3 eller opplæring i bedrift

Bilfaget, lette køyretøy

Bilfaget, tunge køyretøy

Hjulustrustningsfaget

Motormekanikarfaget

Motorsykkelfaget

Sykkelmekanikarfaget

Reservedelsfaget

Billakkerarfaget

Bilpleiefaget

Bilskadefaget

Chassispåbyggjarfaget

Påbygging til generell
studiekompetanse

